

## Årsmelding 2015–2016

Annakvart år, i samband med årsmøtet og landstinget i LNK, legg organisasjonen fram ei årsmelding for dei siste to driftsåra. Dei åra det ikkje er årsmøte og landsting, dokumenterer LNK aktiviteten sin gjennom ein enklare årsrapport. Styret vurderer det slik at desse rapportane, saman med revidert rekneskap for meldingsåret, til saman gjev eit fullgodt bilet av drifta i organisasjonen.

### Kommune- og regionreforma

Styret i LNK har arbeidd med språklege konsekvensar av kommune- og regionreforma sidan våren 2014. Kravet frå starten av har vore at det vert teke særlege omsyn til den lokale språksituasjonen ved eventuelle kommunesamanslåingar. I språkdelte område der det vert vedteke samanslåingar, bør kommunane mellom anna få språklege omstillingmidlar som sikrar at nynorsk ikkje tapar på at det oppstår nye konstellasjonar. Ut frå dette bad styret administrasjonen utarbeide eit oppdatert policy-dokument som analyserer og tek høgde for kva som kjem til å skje i dei ulike aktuelle områda. Dette dokumentet ligg på LNK.no og vert oppdatert kvar månad.

2015 var altså det første driftsåret LNK fekk statstilskotet utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Løyvinga var på 1,1 million, og det var kommunalkomiteen som sikra overføringa. Medan dei tidlegare løyvingane frå Kulturdepartementet var generelle driftstilskot, syntet tilsegnsbrevet frå KMD at løyvingane i 2015 og 2016 først og fremst var knytte opp mot region- og kommunereforma. Intensjonen i tilsegnsbrevet vart følgd opp ved at informasjon om moglege språklege konsekvensar av reforma vart arbeidd inn i ei rekke arbeidsområde som er prioriterte i Handlingsprogrammet 2015–2016:

- *arbeida for å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng, mellom anna ved å syna samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling.* Såleis vart region- og kommunereforma eit sentralt tema på nett, på kurs og konferansar og i nyhendebrev.
- *arbeida for at medlemene får meir kunnskap om omdømmebygging, og trekkja språk inn som ein naturleg del av omdømmebygginga og informasjonsarbeidet i kommunane.*

Dette var hovudtema for konferansen i samband med landstinget i 2015, der kommunereforma vart ein naturleg og sentral del av diskusjonen. Kommune-, regionreform og lokaldemokrati er peika ut som tema på landstinget i Ulsteinvik 8. og 9. juni i 2017.

I handlingsprogrammet heiter det vidare at LNK skal presentere Framtida.no som eit viktig tilbod til elevar og lærarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Framtida har hatt mange oppslag om region- og kommunereforma, og reforma var også eit gjennomgåande tema i valprosjektet som Framtida gjennomførte i 2015. Også deltakarane på Landstinget 2015 var opptekne av at LNK skulle følgje prosessane rundt region- og kommunereforma tett.

LNK ved styreleiar og dagleg leiar gjennomfører kvart år om lag 30 medlemsbesøk. Region- og kommunereforma og spørsmål knytte til denne var eit viktig og gjennomgåande tema på desse møta.

I handlingsprogrammet heiter det at LNK skal arbeide for å setje språkspørsmål på dagsordenen i nye samanhengar. Det har organisasjonen gjort grundig i 2015 og 2016 ved å knyte språk tett opp til kommune- og regionreforma. LNK samlar først og fremst informasjon om kva som skjer i reformsamanheng i kommunane gjennom elektronisk medieovervaking, kontakt med fylkesmennene og frå ein del nettstader/papiravisar. LNK har teke ansvar for å følgje opp reforma i det daglege, og for til kvar tid å ha eit oppdatert policy-dokument tilgjengeleg om språklege konsekvensar av reforma. LNK har også hatt rutiner på å kontakte dei kommunane der det går fram at reforma kan føre med seg uheldige språklege konsekvensar. Desse kommunane har fått tilbod om rådgjeving. Alt i alt har arbeidet med kommune- og regionreforma gjennomsyra så godt som alle arbeidsfelt i LNK i meldingsåra.

### **Nynorsk på nett**

Nynorsk på nett er viktig for LNK, og organisasjonen har i mange år hatt eit nært og godt samarbeid på dette området med strategiske medspelarar som mellom anna ABC Startsidan og Fagforbundet. I meldingsåra har organisasjonen lagt om eigen informasjonsstrategi, frå å kjøpe eksterne informasjonstenester til å bruke eigne tilsette til å produsere desse tenestene.

LNK har nettstadene LNK.no, Magasinett.no, Framtida.no, Startsida.no (nynorskversjonen av katalog- og søkesida Startsiden.no) og Pirion.no. Alle desse sidene er også tilgjengelege på mobil og nettbrett.

### **Framtida.no**

Nettavisa Framtida.no vart starta opp av LNK, ABC Startsidan ofl. i 2010, og har hatt ei fin utvikling. Talet på daglege brukarar og folk som er inne kvar veke, auka kraftig også i meldingsåra. I løpet av 2016 har over 475 000 brukarar vore innom Framtida.no. Det er eit auke på 85 000 samanlikna med i 2015 – og ny rekord.

I løpet av 2016 har trafikken på mobil auka med over 87 prosent samanlikna med året før, og redaksjonen ønskjer å forsterke denne tendesen. Framtida.no er i ferd med å skifte publiseringssystem. Avisa vil med det første kome med ny design som viser fram meir av innhaldet, og som fungerer endå betre på mobil.

I 2016 har Framtida.no hatt ein redaksjon tilsvarande fire årsverk. I løpet av 2016 har Framtida.no publisert over 2 100 artiklar. Sidan september 2010 har avisar publisert over 13 100 artiklar.

### **Nynorsk i barnehagane**

LNK har i meldingsåra arbeidd for meir medvitne haldningar til språk og kultur i barnehagane. Framtida.no-redaksjonen tok i 2015 over produksjonen av Pirion – kulturavisa for alle som jobbar i barnehagane og småskulen. Pirion har gått ut i 61 000 eksemplar

gjennom Fagbladet fram til sommaren 2016, då Fagbladet la ned seksjonen sin for kultur og oppvekst der Pirion vart distribuert. Etter dette har Pirion satsa ekstra på nett.

Pirion og LNK samarbeidde hausten 2016 om ei spørjeundersøking som gjekk ut til styrarane i 728 barnehagar i nynorskkommunar og kommunar med minst 25 prosent elevar i skulen med nynorsk som hovudmål. Undersøkinga viser at barnehagane både syng og les oftare på bokmål enn nynorsk. Undersøkinga er eit verktøy for vidare arbeid seinare, og vil etter planen gjentakast ein gong i året.

#### **Formidlingsseminar**

Framtida.no og Pirion samarbeidde med Nynorsksenteret (Utdanningsdirektoratet), Fylkesbiblioteket i Rogaland og Samlaget om eit formidlingsseminar i Suldal om nynorsk barne- og ungdomslitteratur våren 2015. Hausten 2015 og 2016 har Framtida.no og Pirion samarbeidd med den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu og Nynorsksenteret om å lage til seminar på høgskulen på Stord. Målgruppa var lærarar i barnehagar, grunnskule og vidaregåande, bibliotekarar og andre formidlarar. Til saman har over 250 deltatt på desse seminara.

#### **Journalistikk som vert lagd merke til**

I løpet av 2016 har Framtida.no fått omtale eller vorte sitert 145 gonger i papiraviser, ifølgje buyandread.com. Det er det nest høgaste talet i den vel seks år gamle historia til bladet, berre slått i meldingsåret 2015.

Ifølgje Retriever er Framtida.no sitert eller omtalt i andre nyhetsmedium på nett og papir 300 gonger i 2016 mot 373 gonger i 2015.

#### **Valprosjekt**

LNK v/Framtida.no fekk i 2015 270 000 kroner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til eit valprosjekt som hadde som hovudmål å auke kunnskapen til unge om lokalvalet og auke valdeltakinga blant unge. Nettavis fekk støtte til debattkurs, ein nasjonal konferanse og app/nettside med informasjon om viktige saker for ungdom og synleggjering av korleis det står til med desse sakene i kvar enkelt kommune og fylkeskommune.

Konferansen samla kring 100 unge, folkevalde, lærarar og valmedarbeidarar på Høgskolen Stord/Haugesund, og fleire dyktige innleiarar.

Framtida laga òg eit verktøy som gjer det lettare for ungdom å sjå korleis kommunen deira gjer det samanlikna med andre kommunar innanfor aktuelle saker for ungdom. I tillegg har Framtida skrive mykje om lokalvalet og om kommunereforma. Det er sendt inn ein eigen rapport til KMD om valprosjektet.

#### **Klimaprosjekt**

Framtida.no laga i 2015 «glokal» journalistikk på klimaspørsmål i nokre av dei norske lokalsamfunna som er mest avhengige av oljeindustrien, med støtte frå Fritt Ord.

I første del av prosjektet skreiv Framtida om det grøne skiftet, og leita spesielt etter nye stemmer i klimadebatten. I andre del av prosjektet skreiv nettavisa om klima i samband med lokalvalet.

**Merknad [J1]:** Eg går ut frå at det er dette som er meint, og ikkje klimaet i sjølve valet.

I november fekk Framtida støtte frå Fritt Ord til ei oppfølging fram mot klimatoppmøtet i Paris, med journalistikk om klimaspørsmål og framtidvisjonar i norske lokalsamfunn. To av journalistane var også med norske klimaktivistar til Paris.

### Debattprosjekt

Til liks med fleire andre medium vil Framtida.no bruke arrangement som eit nytt bein å stå på. I 2014 og 2015 samarbeidde Framtida.no med åtte bibliotek, seks skular og to ungdomsråd i Sunnhordland om debattprosjektet «Me snakkast». Over 450 ungdommar deltok på debattkurs, og kring 1000 deltok på tolv opne debattar. Debattsamarbeidet har halde fram i 2016, og Framtida.no har vore med på å arrangere fem debattkurs med vel 200 elevar i tre kommunar.

Då meldinga Nasjonal bibliotekstrategi vart lagd fram hausten 2015, var debattprosjektet eitt av tre prosjekt for ungdom som vart trekt fram som gode døme. Debattmodellen har vorte ein modell som fleire ønskjer å kopiere, og nettavisa planlegg fleire debattkurs og debattar i åra som kjem.

Redaktøren i Framtida.no har òg bidrige som debattleiar i fleire debattar om kommunereforma, leia ein samtal om Riksteateret si framsyning *Samfunnets støtter* og vore med som intervjuar i ein turné til fem bibliotek om Syria og flyktningsituasjonen.

### Forskjingsjournalistikk

Vinjefondet løyvde hausten 2015 støtte til eit engasjement for ein forskingsjournalist. Forskjingsjournalistane har laga variert forskingsjournalistikk for lesarane. Framtida.no har mellom anna intervjuet elevar på vidaregåande som får testa kvar dagen som kreftforskjarar, avisar har rapportert frå New Scientist sin forskingskonferanse i London og laga reportasje om studentar som skal måle elektriske felt på månen. Fleire av sakene har vorte plukka opp av andre medium.

### Ny teknologi og etikk – tenkologi

Fritt Ord har støtta denne serien, som forskingsjournalistane har jobba mykje med. Målet med serien er å gje lesarane innsikt i korleis teknologiske nyvinningar utfordrar vande etiske og filosofiske førestillingar. Framtida.no har mellom anna intervjuet ein av Noregs første kyborgar, laga sak om etiske problem med sjølvkøyande bilar og fleire saker om korleis kunstig intelligens og robotar kan påverke framtida.

### Verdklassikarar på nynorsk

Hausten 2016 har Framtida.no hatt ei eiga satsing på å skrive om verdklassikarar på nynorsk. Serien starta opp samstundes som *Forvandlinga* av Franz Kafka kom ut første gong på nynorsk, i Jon Fosse si omsetjing. Fosse var med på ei direktesend opplesing av boka frå Grotten, saman med elevar frå Stord vidaregåande og frivillige i Jostedalen. Elles har nettavisa skrite om fleire andre klassikarar som har kome på nynorsk – og kva unge i dag kan lære av klassikarane.

### **Gode samarbeidspartnarar**

I meldingsåra har Framtida.no fått fleire nye samarbeidspartnarar. Avisa har publisert podcastane til Uten Filter og samarbeidde i 2015 med Pekestokken og Volda StudentTV. Stadig fleire bibliotek har byrja å leggje ut bokmeldingar og anna litteraturstoff frå avisa på sidene sine.

Redaksjonen har samarbeidd med Tekna og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) om eit seminar om rekruttering av teknologar, og har halde fram samarbeidet om seminar for lærarar og bibliotekarar på HSH under den nynorske barne- og ungdomslitteraturfestivalen Falturiltu.

Framtida.no samarbeider framleis med lokalavisene Bømlo-Nytt, Møre-Nytt, Møre, Porten.no, Ryfylke, Nordhordland, Vigga, Bladet Tysnes, Tysvær Bygdeblad, Vikebladet Vestposten, Vestavind, Bø Blad, Fjuken, Grannar, Hallingdølen, Kvinnheringen, Strandbuen, Suldalsposten, Sunnhordland og Vest-Telemark Blad, i tillegg til Dag og Tid, Magasinett, Norsk Barneblad, LNK.no og studentavisene Universitas, Studvest, Pekestokken og Dusken.no. Dette har gjeve Framtida.no tilgang på mykje godt lesestoff, samstundes som det har gjeve samarbeidspartnarane meir trafikk gjennom direkte lenker til nettavisene deira.

Fleire aviser har i tillegg valt å leggje ut ein nyhendeboks på sidene sine, slik at lesarane deira får høve til å klikke på dei siste overskriftene til Framtida.no direkte på lokalavisa si nettutgåve.

Avisa har samarbeidd med Magasinett om to skrivekonkurransar i meldingsåra.

### **Økonomi**

ABC Startsidan har støtta Framtida.no med kr 200 000 kroner og gratis kontorlokale i kvart av meldingsåra, medan LNK har støtta prosjektet med kr 400 000 kvart år. 200 000 av desse kjem frå støtte som LNK får frå Fagforbundet. Pirion og Magasinett har òg støtta Framtida.no.

Framtida.no har dei siste åra hatt ansvar for den redaksjonelle drifta av LNK.no og alle andre informasjonsoppgåver i LNK. Framtida.no har òg fått ansvar for drifta av Pirion.no og Magasinett.no. Sommaren 2016 tok Framtida.no-redaksjonen over den redaksjonelle drifta av Norsk Tidend, og får kompensert for dette frå Noregs Mållag.

Norsk kulturråd har støtta serien vår om verdklassikarar på nynorsk. Framtida har òg fått støtte frå Fritt Ord til serien om ny teknologi og etikk.

Vinjefondet støtta forskingsjournalistikken frå slutten av 2015, i heile 2016 og har gjeve tilsegn om støtte for 2017. Sidan ein aukande del av finanseringa er prosjektstøtte, er Framtida.no veldig glade for at støtta går over fleire år.

Fritt Ord har støtta fleire klimaprosjekt, og Kommunal- og moderniseringsdepartementet har støtta valprosjektet.

Annonseinntektene i 2016 er noko lågare enn året før – mest på grunn av ei omlegging av annonsestyringssystemet som vert brukt. Framtida.no utfører også marknadsundersøkingar og anna konsulentarbeid for nokre lokalaviser, og har hatt ein del inntekter frå sal av artiklar til lokalaviser, debattkurs, leiing av debattar og bokbad.

Framtida.no ønskjer å vere eit lokomotiv for nynorsk på nett, saman med Startsida.no, Magasinett, LNK.no, Pirion og alle dei andre samarbeidspartnarane.

### **Medlemskontakt og informasjon**

I 2014 vart LNK-avisa lagd ned og erstatta av eit digitalt nyhendebrev. I tillegg til å informere om kva organisasjonen steller med, skal nyhendebrevet synleggjere medlemene i Landssamanslutninga. Nyhendebrevet skal også skrive om organisatorisk stoff og kommentarstoff både frå eigen organisasjon og eksterne kjelder. I tillegg skal brevet presentere aktuelle nyhendesaker og magasinstoff. Medan avisa hadde mellom 5 000 og 6 000 abonnentar, har nyhendebrevet til no berre om lag 1 800 brukarar, noko som ikkje er tilfredsstillande.

Frå 2014 vart ansvaret for all informasjon i organisasjonen overført frå innleigde konsulenttenester til eigne medarbeidarar. Dette har nok vore ei god løysing for LNK, men nyordninga skal evaluerast i 2017.

Nettstaden LNK.no vert meir og meir brukt – og er dei siste åra tilført større ressursar. LNK.no vert oppdatert kvar dag, men også denne løysinga bør evaluerast i neste periode.

I meldingsåra har vi sett ein stor auke i bruk av sosiale medium. LNK har meir aktivitet på Twitter og Facebook enn tidlegare, og fleire følgjarar som deler og kommenterer det som skjer. Brukarane held seg framleis mest på pc, medan statistikken syner at veksten i bruk først og fremst kjem på mobil.

LNK har òg som mål å vitje medlemskommunane med jamne mellomrom. Målet er å møte representantar frå om lag 30 kommunar kvart år. I desse møta informerer LNK om korleis organisasjonen arbeider, og kva tilbod medlemene til kvar tid kan gjøre seg nytte av. LNK får også mange gode innspel og spørsmål i desse medlemsmøta. Styret har bestemt at denne aktiviteten skal førast vidare.

### **Konferansar**

LNK skal arbeide for å setje språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng og syne samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. Dette prinsippet ligg som ein raud tråd i mykje av det arbeidet LNK gjer, gjennom kurs, konferansar og gjennom informasjonsarbeidet generelt. I tillegg skal slike samanhengar kome fram gjennom dei prosjekta LNK vel å engasjere seg i.

I meldingsåra arrangerte LNK to konferansar, tre dagseminar og tre internseminar. Då landstinget vart halde på Voss i april 2013, opplevde LNK rasstengde vegar, stengde fjellovergangar og at Bergensbanen delvis var stengd. Fleire påmelde kom seg rett og slett ikkje fram til Voss. Ut frå dette bestemte styret at landsmøtetidspunktet skulle flyttast til tidleg i juni. Landstinget 2015 vart difor arrangert på Gol første veka i juni. Berre 67 personar var til stades, og arrangementet fekk eit heller stort underskot. Konferanseprogrammet fekk mykje merksemeld, mange godord og mange oppslag i media, men det låge deltagartalet vart kommentert av mange. Styret arbeider for tida med å utvikle modellar som kan auke oppslutnaden om landstinga.

## **Verkeområde for mållova**

I 2006 var 35 % av kommunane misnøgde med korleis staten praktiserer mållova. Statistikk viser at talet er meir nedslående i dag. I målbruksmeldinga frå Kulturdepartementet i 2006 heiter det: «Regjeringa ventar no at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har og gir eit klart og utvitydig signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane heretter skal følgjast til punkt og prikke.» Undersøkingar og statistikk tyder likevel på at store delar av staten ignorerer mållova. Signal i stortingsmeldinga «Mål og mening» skulle tyde på at regjeringa ønskjer å ta aktive styringsgrep på dette området, men at knapt noko har skjedd til no.

Nye organisasjons- og selskapsformer vert tekne i bruk i offentleg sektor, og det er ei språkleg utfordring at både kommunane og staten ofte organiserer arbeidet sitt på andre måtar enn tidlegare. Både interkommunalt samarbeid og kommunale selskap kan lett bere i seg språkpolitiske utfordringar, og slik er det òg i dei nye statlege underbruka. Ikkje alle desse vert automatisk fanga opp av mållova. LNK arbeider for at formuleringar om språkbruk vert tekne med i vedtekten for kommunale selskap.

LNK arbeider òg for at krav til målform skal takast med i kontraktane/konsesjonsvilkåra ved utsetjing og privatisering av kommunale oppgåver.

## **Arbeid overfor sentrale styresmakter og andre samarbeidspartar**

Sjølv om stortingsmeldinga *Mål og mening* tek til å verte nokre år gamal, signaliserer ho framleis viljen til ein overordna norsk språkpolitikk. Meldinga er ambisiøs og har meir enn hundre tiltakspunkt. Diverre er skuffande få av desse punkta følgde opp i ettertid.

## **Språkopplæring**

I desember 2015 var det nye kursheftet *På saklista – språk og saksbehandling på papir og nett* ferdig og levert frå trykkeriet. Dette er tredje reviderte utgåva av «På saklista»-kursheftet, og den nye versjonen er sterkt utvida. Mellom anna er det lagt større vekt på saksbehandling på nett. Kursopplegget femnar no vidare; «På saklista» er både eit språkkurs, eit saksbehandlingskurs og eit klarspråk-kurs.

I LNK sitt handlingsprogram heiter det at LNK skal arbeide for å styrkje språkopplæringa i kommunar og stat. LNK har ein avtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane, som har det praktiske ansvaret for innsal, gjennomføring og kvalitetssikring av alle «På saklista»-kursa. På grunn av mange uro-meldingar frå medlemene om sviktande språkkunnskapar, særleg hos nytilsette, gjorde LNK-styret i 2010 vedtak om at alle medlemer skal få tilbod om «På saklista»- kurset – gratis. LNK arrangerte om lag 30 «På saklista»- kurs i medlemskommunane i meldingsåra. Dette var så mange som det var rom for økonomisk. Ordninga med gratis kurs vert ført vidare så lenge dei økonomiske føresetnadene ikkje endrar seg vesentleg.

Med jamne mellomrom sender LNK ut språknøklar (minigrammatikkar) til kommunane. Organisasjonen får svært gode tilbakemeldingar på dette, og kjem til å følgje opp tiltaket. I

2017 kom det ut ein ny versjon av Språknøkkelen (vart send ut i november 2016). Språknøklane er laga av Olaf Almenningen og vert produserte og distribuerte i samarbeid med Dag og Tid. Språknøklane er eit kommersielt produkt som Dag og Tid sel til sine lesarar, men som er gratis for medlemer i LNK.

I 2016 sende LNK ut hjelpeheftet *Godt språk* til alle medlemene. Heftet er sett saman av to hefte som Time kommune har laga for sine tilsette: ei handbok i saksbehandling og ein språkrettleiar.

### **Forum for nynorsk i opplæringa**

Det er etablert eit formalisert samarbeid med Utdanningsdirektoratet der mellom anna spørsmål om læremateriell skal drøftast. LNK er representert i Forum for nynorsk i opplæringa, saman med fleire andre språkorganisasjonar. Etter å ha vore inaktivt i nokre år vakna forumet til live att i 2015.

### **Nynorske læremiddel for framandspråklege**

Manglande opplæring i nynorsk for innvandrarar er eit problem som går att i norske kommunar. Hovudutfordringa var i mange år mangel på læremiddel på nynorsk for desse gruppene. Diverre er det nok framleis slik at kommunar som tilbyr bokmålsopplæring, har mykje meir å velje i når det gjeld læremiddel for framandspråklege, men det er viktig at det som vert produsert av læremiddel på nynorsk, vert teke i bruk i nynorskkommunane. At læremiddel på nynorsk verkeleg vert nytta, er eit godt argument for meir rettferd og større valfridom – og for at det vert produsert fleire læremiddel på nynorsk.

Fleire nynorskkommunar som framleis har bokmål som opplæringsmål for framandspråklege, argumenterer med at det finst altfor få læremiddel på nynorsk for denne gruppa, og at dei som finst, er for dårlige. Dette er ikkje lenger tilfelle. Dei siste åra har tilfanget av nynorske læremiddel auka kraftig, ikkje minst takka vere det arbeidet Vox gjer. LNK er med i ei arbeidsgruppe i Vox som bidreg til å setje desse spørsmåla på dagsordenen. Vår deltaking i denne gruppa har vore og er særskilt viktig for at tilgangen på nynorske læremiddel har vorte betre dei siste åra. (Vox skifta namn til Kompetanse Noreg frå 1. januar 2017.)

I desember 2016 hadde 47 kommunar nynorsk som opplæringsspråk i vaksenopplæringa.

Spørsmål om undervisningsspråk handlar òg stundom om haldningar hos lærarar og administrasjonen i vaksenopplæringa. Nokre kommunar har opna for at dei som underviser dei framandspråklege, sjølv avgjer kva målform som skal brukast. Dette er uheldig, og LNK arbeider for at kommunar som har slik praksis, tek tilbake den politiske styringsretten på dette området.

LNK har i meldingsåra også engasjert seg i prosjektet «Arbeidsinnvandring frå EU – språklege rettar». Bakgrunnen er at fleire og fleire EU-borgarar vert tilsette i norske kommunar, utan at dei kan norsk. Med dagens system har dei heller ikkje rett på den minimumsopplæringa som andre innvandrarar får – og dette kan utgjere ein tryggleiksrisiko. LNK si haldning er at også EU-borgarar må få rett til gratis språkopplæring, til liks med andre framandspråklege.

Regeringspartia meiner det er arbeidsgjevarane, altså kommunane, si oppgåve å gje eller betale for denne opplæringa.

### **Språkbruksplanar**

Om lag 40 kommunar har laga sin eigen språkbruksplan, dei fleste tufta på LNK-malen. Mal for kommunal språkbruksplan er teken ut av det nye «På saklista»- kursheftet. I 2016 utarbeidde Jan Olav Fretland to nye språkbruksmalar for LNK. Den eine planen er ei vidareføring og fornying av den førre planen, medan den andre versjonen er til bruk i språknøytrale kommunar som ønskjer å vere reelt tospråklege. Begge malane vart sende ut til medlemene hausten 2016.

Språkbruksplanar er viktige av di dei set språkspørsmål på dagsordenen i kommunane, og av di dei ofte plasserer ansvaret for kommunespåket hos ein etat eller ei avdeling. Planane fører til sikrare språkbruk hos tilsette og til ei meir medviten haldning i språkspørsmål generelt. LNK oppmodar medlemene om å arbeide språkbruksplanane inn i det overordna kommunale planverket – altså kommuneplanen.

### **Ny grafisk profil**

Biletkunstnar og forfattar Gerhard Stoltz har laga ny logo og ny grafisk profil for LNK. Styret har vedteke at den nye grafiske profilen skal takast i bruk steg for steg, og at heile programmet skal vere på plass i 2017–2018. I samband med innfasinga av den nye logoen vil nemninga «Nynorskkommunane» verta nytta meir og meir. Organisasjonen kjem likevel ikkje til å skifte namn.

### **LNK og Samlaget**

Styret vedtok i 2015 at Samlaget skal vere ein ny prioritert samarbeidspartner i åra som kjem, og administrasjonen i Samlaget, LNK og ABC Startsidan har alt hatt fleire kontaktmøte med idémyldring og spissing av nye fellesprodukt, mellom anna ei ny nettsatsing på barn, med arbeidstitteken Framtida jr.

### **Hått Halling**

Styret løvvde kr 100 000 til Hått Halling i 2015 . Hovudmåla med prosjektet er å:

- skape og utvikle større *bevisstheit* om språket som ein del av hallingkulturen og hallingidentiteten.
- skape positive *haldningar* til dialekt og nynorsk
- gjere det lettare å *halde på* og *bruke* dialekt og nynorsk i barnehage og skule.
- få flest mogleg til å velje nynorsk frå 1. klasse i skulen og førebyggje at barn og ungdom skiftar frå nynorsk til bokmål i skuleløpet.
- hjelpe kommunane med å auke *kompetanse* og *kunnskap* hos tilsette i barnehage og skule for å nå desse måla.

### **Odda-modellen**

Saman med fleire andre nynorskorganisasjonar har LNK gjennom Forum for nynorsk i opplæringa freista å få på plass støtte til å vidareføre den såkalla Odda-modellen i heile landet. Modellen gjev rett til separat opplæring i norskfaget for nynorsk- og bokmålsgrupper i grunnskulen. Utdanningsdirektoratet var positive til å utgreie ordninga, men

Kunnskapsdepartementet har seinare avvist modellen. I 2016 bad ei tverrpolitisk gruppe stortingsrepresentantar om at modellen likevel skal utgreiaast vidare.

#### **Pris for offentleg målbruk**

Styret i LNK deler ut ein pris for god offentleg målbruk annakvart år, i samband med landstinget. Prisen skal markere det positive haldningsskapande arbeidet som LNK ønskjer å drive. Prisvinnar i 2015 vart Stein Torleif Bjella.

Tidlegare prisvinnarar er VossaJazz, Ullensvang herad, Vågå reiselivslag, Fylkesmannen i Rogaland, Fjell kommune, Sogn og Fjordane Idrettskrins, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM), Lotteritilsynet, Arne Brimi, Odd Nordstoga, Peer Gynt-spelet, Hordaland Teater og Sogndal Fotball.

Prisen er på kr 50 000 og eit litografi av Ludvig Eikaas. Styret tilrår i handlingsprogrammet at pris for offentleg målbruk ikkje lenger skal delast ut.

#### **Årets nynorskkommune**

Ansvoaret for denne prisen vart i 2015 overført frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Kulturdepartementet. Førde vart kåra til Årets nynorskkommune i 2015, medan Time kommune fekk prisen i 2016. I 2013 gjekk prisen til Ørsta kommune, medan Radøy kommune fekk prisen i 2014. Tidlegare har kommunane Ørsta, Radøy, Fjell, Stord, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Seljord fått prisen.

Dagleg leiar i LNK representerer LNK i juryen.

#### **Fakta om LNK**

##### **Skipingsmøte 1993**

Landssamanslutninga av nynorskkommunar vart skipa på Bryne i 1993.

##### **Landstinget 1995**

Landstinget 1995 vart halde i Ullensvang herad 7. til 9. juni 1995. I alt var det 95 personar til stades. 42 medlemer var representerte.

##### **Landstinget 1997**

Landstinget 1997 vart halde i Ål 26. til 28. mai 1997 og samla i alt 89 deltagarar. 49 medlemer var representerte.

##### **Landstinget 1999**

Landstinget 1999 vart halde i Førde 1. og 2. juni 1999. 84 deltagarar var til stades, og 44 medlemer var representerte.

##### **Landstinget 2001**

Landstinget 2001 vart halde på Bryne 7. og 8. juni 2001. 81 deltagarar var til stades, og 37 medlemer var representerte.

##### **Landstinget 2003**

Landstinget 2003 vart halde i Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda 24. og 25. april. 101 deltagarar var til stades, og 41 medlemer var representerte.

### **Landstinget 2005**

Landstinget 2005 vart halde på Rauland i Vinje kommune 27. til 29. april. 146 deltarar var til stades, og 43 medlemer var representerte.

### **Landstinget 2007**

Landstinget 2007 vart halde i Vågå kommune 27. og 28. august . 150 deltarar var til stades, og 30 medlemer var representerte.

### **Landstinget 2009**

Landstinget 2009 vart halde i Stryn kommune. 118 deltarar var til stades, og 34 medlemer var representerte.

**Landstinget 2011** vart halde på Sand i Suldal kommune og hadde om lag 130 deltarar, 36 medlemer var representerte.

**Landstinget 2013** vart halde på Voss i april 2013. Årsmøtet hadde 79 deltarar, og 30 medlemer var representerte.

**Landstinget 2015** vart halde på Gol 4. og 5. juni. Årsmøtet hadde 67 deltarar, og 29 medlemer var representerte,

**Landstinget 2017** vert halde i Ulsteinvik 8. og 9. juni.

### **Medlemstal**

Medlemstal per 1. januar 2017 er 123. Av desse er 101 kommunar, fire fylkeskommunar og 18 regionråd/andre kommunale selskap.

### **Styre**

Etter Landstinget 2015 har styret vore samansett slik:

Solfrid Borge (leiar)  
Gunnar Strøm (nestleiar)  
Hallvor Lilleslett  
Liv Kari Eskeland  
Odd Ivar Øvregård

### Varamedlemer:

1. Nils R. Sandal (vert innkalla til alle møte)
2. Aud Opheim Lygre
3. Kari Våge Gjuvslund

I meldingsåra hadde styret åtte møte og behandla 78 saker.

Styreleiar og nestleiar i styret har vore forhandlingsutval/arbeidsutval i LNK.

Godtgjersla til styret har dei siste åra vore knytt opp mot løn for stortingsrepresentantar. Den årvisse godtgjersla til styreleiaren er 3 % av stortingsløn, og godtgjersla til styremedlemene er 3 promille av stortingsløn per møte.

## **Økonomi**

Samla rekneskap syner eit underskot på kr 45 704 i 2015 og eit overskot på kr 141 530 i 2016 (jf. revidert rekneskap).

Prosjektet Framtida.no fekk utbetalt ein del tilskot seint på året og hadde per 31. desember 2016 såleis eit relativt stort «overskot». Prosjektet er ført i null i driftsrekneskapen, medan «overskotet» er ført som styrking av ein balansepost.

Samla omsetnad for LNK i 2015 var om lag 6,1 millionar. Av dette var 1,1 statstilskot frå KMD, 1,4 million medlemskontingent, medan 3,6 mill. er eigne inntekter .

I 2016 var samla omsetnad 5,8 millionar. Av dette var 1,2 statstilskot frå KMD, 1,45 million medlemskontingent og 3,15 eigne inntekter – først og fremst prosjektilskot, tilskot frå samarbeidspartnarar og annonsesal.

Ein ny faktor i 2015 var at det årvisse generelle driftstilskotet frå Kulturdepartementet vart stroke og erstatta av ein tilsvarende sum løyvd over kommunalbudsjettet. Dette tilskotet var ikkje eit ordinært driftstilskot og hadde føringar om at løyvinga i hovudsak skulle sjåast i samanheng med arbeidet med å dokumentere dei språklege konsekvensane av region- og kommunereforma. Dette var eit arbeidsområde styret hadde peika på som særleg viktig, alt før det vart klart at LNK fekk eit statleg «pålegg» om å følgje denne utviklinga.

Sidan region- og kommunereforma i praksis kan få konsekvensar for det meste av det LNK arbeider med, valde styret å sjå arbeidet med Kommunereforma som ein integrert del av den generelle drifta av LNK. Føringane i tilsegnsbreva frå KMD både i 2015, 2016 og 2017 var at LNK skulle informere kommunane om moglege språklege konsekvensar av reforma, og tilby rådgjeving. I tilsegna for 2016 og 2017 vert det spesifisert at det er opp til LNK korleis organisasjonen vil løyse dette. Løyvingane frå KMD var kr 1 100 000 i 2015, auka til 1 200 000 i 2016 og 2017.

Etter å ha vore ute av kulturbudsjettet i meldingsåra er LNK så vidt inne att på kulturbudsjettet med ei løyving på 300 000 for 2017, medan KMD altså har vidareført sine 1,2 mill.

Medlemskontingeneten vert kvart år auka om lag tilsvarende konsumprisveksten.

Satsane er per 1.1.2017:

Einskildkommunar kr 7 000 per år pluss kr 1,05 per innbyggjar.

Fylkeskommunar kr 35 000 per år.

Interkommunale tiltak kr 7 900 per år.

Regionråd og destinasjonsselskap der minst ein av medlemene er betalande medlem i LNK, har rett til gratis medlemskap.

Ein del av inntektene til LNK kjem som tilskot frå økonomiske samarbeidspartnarar. Avtalane med Fagforbundet, KLP-Forsikring, og Hotell Bondeheimen skal reforhandlast i 2017/2018/2021 og hadde i meldingsåra ein bruttoverdi på om lag 1 400 000. Ein del av dette er knytt til rabattar og overnatting, men om lag 1 300 000 er dokumenterte i rekneskapen.

Inntektene elles er stort sett medlemskontingent, eigeninntekter og prosjektilskot.

Økonomien i Landssamanslutninga er, slik styret ser det, tilfredsstillande, og likviditeten er god.

### **Revisjon**

Landstinget 2015 valde Vekst revisjon i Oslo som revisor. Styret innstiller på at denne revisjonsavtalen vert vidareført.

### **Administrasjon**

LNK held til i Pilestredet 8 i Oslo, der organisasjonen leiger lokale hos Dag og Tid. Svein Olav Langåker har kontor hos mediehuset Sunnhordland på Stord, medan dei andre journalistane arbeider frå lokala til ABC Startsiden i Oslo.

Vidar Høviskeland har vore dagleg leiar i LNK sidan 1. januar 1998.

Svein Olav Langåker vart tilsett som prosjektansvarleg/redaktør for Framtida.no frå 1. mars 2010. Andrea Rygg Nøttveit er tilsett som journalist.

Dagleg leiar, prosjektansvarleg for Framtida.no og journalist er tilsette i 100 prosent stillingar.

Rekneskapsførar Ola Relling er tilsett i tilsvarende 10 % stilling.

Informasjonstenester vert utførte av eigne tilsette, medan store delar av drifta elles er prosjektorganisert. Kompetanse vert leigd/kjøpt inn etter behov. Styret vurderer jamleg om dette er den beste organisasjonsforma, og har seinast i styrevedtak i desember 2016 konkludert med at modellen skal førast vidare.

Alt i alt tilsvasar aktiviteten i LNK (prosjekt medrekna) om lag seks årsverk. I tillegg til det generelle politiske og organisatoriske arbeidet er det innanfor desse årsverka oppgåver som generelt informasjonsarbeid, prosjektutvikling, drift av LNK.no, Magasinett, Pirion, ABC Startsida og Framtida.no, rekneskap, annonsesal, journalistikk, grafisk profil, kursverksemd, tilrettelegging av konferansar, produksjon av fråsegner, administrasjon o.a.

I meldingsåra har Elling Hetland, Arnfinn Vigrestad, Gerhard Stoltz, Jan Olav Fretland, Tone Skjerdal, Mathias Øvsteng, Åsmund Lien, Jostein Mo, Arvid Brurok, Aud Søyland, Trygve Kvandal, Arve Tokvam, Anne Ottermo ofl. vore med som prosjektmedarbeidarar. Tora Hope, Runar B. Mæland og Åsmund H. Eikenes har vore engasjerte som journalistar i meldingsåra. Fleire frilansarar, kommentatorar, bokmeldarar og andre skribentar har skrive for Framtida. Anders Veberg, Camilla Brugrand og Birgitte Andersen Hundvebakke har vore vikarar. Elise Løvereide har vore tilsett i Magasinett, og har jobba som ein del av Framtida.no-redaksjonen med base i Bergen.

### **Stiftingane Magasinett og Pirion**

LNK har overteke ansvaret for drifta av Magasinett og Pirion gjennom eigne avtalar, men stiftingane har framleis eigne (personidentiske) styre. Styre for Magasinett og Pirion har i meldingsåra vore: Gunhild Hammeraas, Hege Myklebust (2015) / Vebjørn Sture (2016) og Vidar Høviskeland. Ola Relling har vore rekneskapsførar for stiftingane. Svein Olav Langåker har formelt redaktøransvar for Magasinett og Pirion. Ernst & Young har vore revisor for stiftingane.

### **Samarbeid**

Styret har prioritert samarbeidet med dei nærskylda organisasjonane gjennom aktiv deltaking i samarbeidsorganet Nynorsk Forum.

LNK er medstiftar i Nynorsk kultursentrum, og legg vekt på å ha eit nært samarbeid med denne institusjonen. Styreleiar Solfrid Borge og nestleiar Gunnar Strøm har vore LNK sine medlemer i rådet i Nynorsk kultursentrum. Dagleg leiar og fleire styremedlemer har representert LNK på Dei nynorske festspela.

LNK etablerte i 2015 stiftinga Nynorsk avissenter i Førde, saman med Firda Media og Mediebedriftenes Landsforening (MBL). Dagleg leiar representerer LNK i styret.

LNK har òg hatt eit nært og godt samarbeid med ABC Startsiden i meldingsåra, særleg når det gjeld drift av Framtida.no og Startsida.no.

LNK har vore til stades på landsmøta til Noregs Mållag og Landslaget for lokalaviser (LLA). Dagleg leiar har også delteke på fleire arrangement i regi av samarbeidspartnarane KLP-Forsikring og Fagforbundet.

LNK har avtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane om drift av kursaktivitetene i organisasjonen.

LNK har ein aksje i avis Os- og Fusaposten og 100 aksjar i Dag og Tid. Dette gjev oss høve til å vere til stades på generalforsamlingane i desse avisene. Sidan dei fleste informasjonsoppgåvene i LNK no vert løyste internt i organisasjonen, vart dei 20 aksjane LNK hadde i kommunikasjonsselskapet Filter AS (tidlegare Norsk Plan), selde i 2015.

LNK har avtale med Dag og Tid om leige av kontorlokale, kjøp av merkantile tenester og om rabatt på lysingar.

LNK har avtale med Hotell Bondeheimen i Oslo og Hotell Hordaheimen i Bergen om rabatt på overnattingar.

LNK har i meldingsåra hatt eit nært og godt samarbeid med Landslaget for lokalaviser (LLA).

Sidan 2004 har LNK laga eit fordeleskort som har vorte distribuert til alle medlemer annakvart år. Kortet gjev mellom anna rett til rimelege overnattingar på Hotell Bondeheimen i Oslo og Best Western Hotell Hordaheimen i Bergen. Seinare har også forlaga Samlaget og Skald vore med. I 2016 vart kortet lagt ut på LNK.no, for nedlasting derifrå. Etter drøftingar med sponsorane vart det bestemt at det ikkje lenger skal trykkjast opp nye opplag av kortet.

---

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein kultur- og interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksamhet. Alle kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak som gjer bruk av nynorsk språk i skulen og/eller i administrasjonen, kan verte medlemer i LNK. Organisasjonen er lokalisert i Oslo. I samsvar med § 3-3 i rekneskapslova er det med dette stadfesta at ein føresetnad om framleis drift er lagd til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Arbeidsmiljøet i LNK er godt. Det har ikkje vore sjukdomsfråvær i meldingsåra, og det har heller ikkje vore skadar eller ulukker på arbeidsplassen. Kjønnsbalansen i administrasjonen og i styret er god. LNK driv ikkje med aktivitetar som fører med seg ureining av det ytre miljøet.

Oslo, 15. mars 2017

**Framlegg til vedtak:**

«Årsmeldinga 2015–2016 vert lagd fram for årsmøtet slik ho ligg føre.»

